# BEREDSKAPSPLAN

# FOR

# LOKALITETEN 28396 LINDARHOLMEN

# I

# TYSNES KOMMUNE

## Tysnes Fjordbruk/Alsaker Fjordbruk

*5.01 BEREDSKAPSPLAN FOR MATFISKPRODUKSJON* ..... *3*
1. FØREMÅL ..... 3
2. ANSVAR OG MYNDE ..... 3
3. GJENNOMFØRING ..... 3
4. VARSLINGSPLAN ..... 4
5. REFERANSAR ..... 4
6. VEDLEGG ..... 4

*5.02 MASSEDØD AV FISK* ..... *5*
1. FØREMÅL ..... 5
2. ANSVAR OG MYNDE ..... 5
3. GJENNOMFØRING ..... 5
4. REFERANSAR ..... 6

*5.03 HAVARI* ..... *7*
1. FØREMÅL ..... 7
2. ANSVAR OG MYNDE ..... 7
3. GJENNOMFØRING ..... 7
4. REFERANSAR ..... 7

*5.04 RØMING* ..... *8*
1. FØREMÅL ..... 8
2. ANSVAR OG MYNDE ..... 8
3. GJENNOMFØRING ..... 8
4. REFERANSAR ..... 9

*5.05 SKADE PÅ PERSONALE* ..... *10*
1. FØREMÅL ..... 10
2. ANSVAR OG MYNDE ..... 10
3. GJENNOMFØRING ..... 10
4. REFERANSAR ..... 10

*5-06 AKUTT SMITTSAM SJUKDOM* ..... *11*
1. FØREMÅL ..... 11
2. ANSVAR OG MYNDE ..... 11
3. GJENNOMFØRING ..... 11
4. REFERANSAR ..... 12

*5-07 ALGEINVASJON* ..... *13*

*5-08 FØREKOMST AV RESISTENT LUS* ..... *15*
1. FØREMÅL ..... 15
2. ANSVAR OG MYNDE ..... 15
3. GJENNOMFØRING ..... 15
4. REFERANSAR ..... 15

*5-09 UTSLEPP AV OLJE, DIESEL ELLER ANDRE KJEMIKALIUM* ..... *16*

*5-10 HANDTERING AV FISKETURISTAR* ..... *17*

*5-11 MEDIEOMTALE* ..... *18*

*5-12 FØREKOMST AV AGD* ..... *19*

*VARSLINGSPLAN* ..... *20*

# 5.01 BEREDSKAPSPLAN FOR MATFISKPRODUKSJON

## 1. FØREMÅL

Føremålet med denne beredskapsplanen er å:
- fastsetje beredskap ved ulykker og krisesituasjonar knytt til aktiviteten
- syne varslingsplan ved krisesituasjonar/ulykker

Beredskapen gjeld for Alsaker Fjordbruk sine aktivitetar.

Eksemplar på ei ulykke eller krisesituasjon kan vere akutt smittsam fiskesjukdom, massedød av fisk, skade på personale, havari, rømming, akutt forureining, brann, alge- og manetførekomstar, førekomst av resistent lus, samt skadelege vasstemperaturar.

## 2. ANSVAR OG MYNDE

Alle er ansvarleg for å kjenne og forholda seg til beredskapsplanen.

Den som oppdagar ei ulykke eller ein krisesituasjon skal melde frå i samsvar med vedlagte «Varslingsplan Matfisk».

## 3. GJENNOMFØRING

3.1 **Generelt**

Beredskap er alle dei ressursar som er til stades og tilgjengelege før ei ulykke eller krisesituasjon, og som blir nytta ved slike hendingar, samt plan for handtering av situasjonen når ei ulykke eller krisesituasjon oppstår.

3.2 **Planlegging og tilrettelegging**

Den som er ansvarleg for beredskapsutstyr er ansvarleg for at alt beredskapsutstyr er på plass og i orden. Kontroll skal gjennomførast minimum kvartalsvis.

3.3 **Felles beredskapsutstyr**

Ansvarleg: Driftsdirektør Alsaker Fjordbruk

- Kvern med tank. Tanken skal være 10m³. Kverna må kunne nyttes med både 230 og 400V. Disse kan hentes av lokalitetene med båt.
- Farsekvern med kapasitet på 10 $m^3$ per time.
- Dødfisklekter med kapasitet 50 $m^3$.
- Kar, disse er på Viking Fjord. Kar kan lokalitetane hente med bil eller båt.
- Diesel kompressor
- El. Pumpe , 5000 l / min
- Maursyre, 1 palle

3.4 **Beredskapsutstyr Lindarholmen**

Ansvarleg: Lokalitetsansvarleg

- Brannslukkingsapparat, 12 kg

- Førstehjelpsutstyr (skap)
- Sykebåre
- Augeskylleutstyr
- Redningsbøye
- Ullteppe
- El. Synkepumpe
- Stor silekasse og transportkasse
- 40 $m^3$ lagertank for ensilasje
- 12 $m^3$ ensilasje kverntank
- Krane til å heise dødfisk frå båt og opp på lekter.
- Overvakingsgarn
- Arbeidsbåt med krane

### 3.5 Beredskapsutstyr båt

Ansvarleg: Båtansvarleg

- Redningsflåte, 4 mann
- Førstehjelpspakke
- Brannslukkingsapparat, 2 kg
- Ullteppe

### 3.6 Beredskapsutstyr Tysnes, Fjelberg, Borgarli og Toftøysund

Ansvarlig: Driftsleiar der utstyret er plassert
Det skal vera minimum 60 attfangstgarn i beredskap.
Det finst også eit beredskapslager av garn på Moster på Bømlo.

## 4. VARSLINGSPLAN

Varslingsplan Matfisk skal brukast ved varsling av ulykke eller krisesituasjonar.
Varslingsplanen er eit vedlegg til denne beredskapsplan.
Varslingsplan skal vere oppslått lett synleg på lokalitet, i båt og på base.

## 5. REFERANSAR

Akvakulturdriftsforskrifta §7
Telefonliste Alsaker Fjordbruk
Beredskapsrutinar 5.02 – 5.07

## 6. VEDLEGG

«Varslingsplan Matfisk»

# 5.02 MASSEDØD AV FISK

## 1. FØREMÅL

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å få fram korleis ein:
- handterar og fjernar store mengder daudfisk frå anlegget
- reduserar omfanget av daudfisk

## 2. ANSVAR OG MYNDE

Lokalitetsansvarlig og driftsleiar er ansvarleg for at arbeidsbeskrivelsen blir fylgt.

## 3. GJENNOMFØRING

3.1 Oppdagar:

Den som oppdagar tilhøve som fører til massedød av fisk skal varsle i samsvar med varslingsplanen. Finn ut kva som er årsak til at fisken døyr. Ved listeført sjukdom og akutt smittsam sjukdom, sjå 5-06. Ved alge- og manetoppblomstring, sjå 5-07. Ved AGD sjå 5-12. Ved utslepp av diesel, kjemikalie o.a., sjå 5-09 i denne beredskapsplanen.

3.2 Tiltak for å avgrense skaden/redusere fiskedøden:

3.2.1 Stans i pågåande arbeid:
Når massedød blir oppdaga skal alt pågåande arbeid stansast. Dette gjeld også fôring.
3.2.2 Naudslakt:
Dersom naudslakting er aktuelt, må slakteri kontaktast og brønnbåt skaffast til vege.
Ref arbeidsinstruks 6-06.

3.3 Mannskap og andre ressursar:

Alt mannskap i Alsaker Fjordbruk kan disponerast i slike situasjonar.

Lokalitetsansvarlig/driftsleiar sørgjer for å få utstyr og personell på plass for å ta hand om fisken som døyr eller som står i fare for å døy.

3.4 Beredskapsutstyr:

Sjå 5-01 for oversikt

3.5 Handtering av daudfisken på lokalitet:

Ved kapasitet på kvern og lagertank på lokalitet blir fisken kverna med eige utstyr. Ferdig ensilasje leverast til godkjent mottak via godkjent transportørar. Dersom kapasiteten på eige utstyr ikkje er tilstrekkelig bruk utstyr felles utstyr, sjå 5.01

3.6 Levering til godkjent mottak:

Ved større tap enn ein kan ta hand om med eige utstyr, kontakt driftskoordinator/driftssjef for handtering og transport av daudfisk til godkjent mottak:

- ScanBio

Alsaker Fjordbruk har avtale med ScanBio som forpliktar dei å prioritera våre lokalitetar med å oppretthalde beredskap ved massedød. ScanBio har kapasitet til:

- 20 tonn dødfisk pr time og 480 tonn pr døgn for opptak,
- 15 tonn pr time og 360 tonn pr døgn for oppkverning, ensilering og borttransport.
- Responstid på om lag 1 ½ døgn.

- Hordafôr
- Brønnbåt
  - Alsaker Fjordbruk har avtale med Bømlo Brønnbåtservice (BBS) som forpliktar dei å prioritera våre lokalitetar ved eventuelle nødslakting eller andre uføresette hendingar som til dømes massedød. Kapasitet for brønnbåtane er om lag 700 til 800 dødfisk tonn per båt/last, og har ei responstid på om lag 12 timar.
- Snurpebåt

3.7 Fjerning av uensilert fisk frå lokaliteten:
Dersom det må fjernast uensilert fisk frå lokaliteten må det søkjast om dispensasjon.
For å få levert denne fisken til oppmaling på t.d. sildoljefabrikk er det viktig at den vert klassifisert ned til animalsk avfall. Dette må det i så fall søkjast om, saman med ein eventuell dispensasjon.

## 4. REFERANSAR

Akvakulturdriftsforskrifta, §7

# 5.03 HAVARI

## 1. FØREMÅL

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å få fram korleis ein reduserer konsekvensane av eit havari

## 2. ANSVAR OG MYNDE

Driftsleiar er ansvarleg for at arbeidsbeskrivinga vert fylgt.

## 3. GJENNOMFØRING

3.1 Oppdagar

Den som oppdagar havari skal varsle i samsvar med varslingsplanen og be om assistanse frå driftskoordinator /driftssjef.

3.2 Tiltak for å avgrense skaden.

3.2.1 Starte arbeid med å sikre personell og avgrense skade på utstyr og fisk

3.2.2 Skaffe tilvege båtar, utstyr og dykkarar for å sikre anlegget. Dette skal gjerast i samarbeid med driftskoordinator/driftssjef.

3.2.3 Starte opp attfangstfiske så raskt som mulig, ved mistanke om rømming. Sjå 5-04.

3.2.4 Om flytting av fisken til anna anlegg er aktuelt, må brønnbåt/slepebåt skaffast til vege. Dette skal gjerast i samarbeid med driftskoordinator/driftssjef.

3.2.5 Ved massedød sjå 5-02.

3.3 Mannskap og andre ressursar

Alt mannskap i Alsaker Fjordbruk kan disponerast i slike situasjonar.

3.4 Beredskapsutstyr

Sjå 5-01 for oversikt

## 4. REFERANSAR

Akvakulturdriftsforskrifta, §7

# 5.04 RØMING

## 1. FØREMÅL

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å beskrive korleis ein bekreftar / avkreftar om det er ei røming, og korleis ein reduserer konsekvensen av røming

## 2. ANSVAR OG MYNDE

Lokalitetsansvarlige, driftsleiar og driftssjef/driftskoordinator er ansvarleg for at denne arbeidsbeskrivinga vert fylgt.

## 3. GJENNOMFØRING

3.1 Oppdagar

Den som får mistanke om røming / oppdagar røming skal varsle i samsvar med varslingsplanen. Røming kan til dømes oppdagast ved at det fangast laks i overvakingsgarn, ved at ein ser villfisk i nota eller ved at ein ser laks i sjøen. Samfunnskontakt, Produksjonskonsulent, driftssjef/driftskoordinator, driftsdirektør eller Adm. dir. melder frå til Fiskeridirektoratet ved å sende inn "*Melding om røming*".

3.2 Innrapportering

Det skal meldast frå til Fiskeridirektoratet ved røming eller mistanke om røming.

Dersom det rømer fisk som ikkje har tilfredsstilt tilbakehaldingstida på legemiddel, skal det bli gitt informasjon til Fiskeridirektoratet og Mattilsynet om dette. I slike tilfelle må ein vurdera å varsla offentleg v.h.a. pressemelding eller liknande jfr. plan for medieomtale 5-11.

Produksjonskonsulent, driftsdirektør, samfunnskontakt eller Adm. dir. melder frå til Fiskeridirektoratet ved å sende inn "*Melding om røming*". Skjema finn ein på http://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Skjema-akvakultur/Roemming. Meldinga sendast på faks til 55 23 82 76 eller på e-post til fmc@fiskeridir.no. Fiskeridirektoratet kan også kontaktast på døgnopen telefon 03415.

3.3 Tiltak for å avgrense skaden

3.3.1 Stans i pågåande arbeid

Når ein får mistanke om røming skal alt pågåande arbeid stansast. Fôring skal reduserast til eit nivå der ein er sikker på at fisken et det som blir fôra. Dette for å holde fisken oppteken med å ete.

3.3.2 Skaffe oversikt over skaden og planlegge og fordele oppgåvene som skal utførast.

3.3.3 Starte arbeid med å sikre attverande fisk. Dette gjerast i samarbeid med driftskoordinator.

3.3.4 Skaffe tilvege båtar, utstyr og dykkarar for å sikre fisken i anlegget. Dette gjerast i samarbeid med driftskoordinator/driftssjef. Dersom not har sett seg fast i båtpropell, må dykkar kontaktast straks for sikring av nota. Eit tau kan setjast rundt den skadde delen av nota for å sikra at ikkje fisk sym ut. Deretter må ein tørke nota så langt opp, at den skadde delen av nota kjem opp av vatnet. Nota må så reparerast/skiftast.

3.3.5 Starta opp prosedyre for attfangstfiske så raskt som mogleg (sjå IK Akva 6-14).

Gi omgåande melding til;

- Driftsdir. Hans Helge Vik i telefon 99 21 01 06 eller
- Adm.dir. Gerhard M Alsaker i telefon 90 10 50 00
- Driftskoordinator Øystein Bokn 99 21 01 93
- Driftssjef Fjelberg, Øystein Brekke 99 21 01 80
- Driftssjef Tysnes, Bjørn Tore Malkenes 99 21 01 25

**Som då vurderer situasjonen og eventuelt engasjerer Attfangstgruppa mfl.**

3.3.6 Om flytting av fisken til anna anlegg er aktuelt må brønnbåt/slepebåt skaffast til vege. Dette skal gjerast i samarbeid med driftskoordinator/driftssjef.

3.4 Mannskap og andre ressursar

Alt mannskap i Alsaker Fjordbruk kan disponerast i slike situasjonar.
Lokalitetsansvarlig/driftsleiar sørgjer for å få utstyr og personell på plass for å avgrense omfanget av røminga.

3.5 Beredskapsutstyr

Sjå 5-01 for oversikt

## 4. REFERANSAR

Avtale mellom Attfangstgruppe og AFB,

- Hordaland: dagsett 07.01.2008
- Rogaland: dagsett 25.11.2009

# 5.05 SKADE PÅ PERSONALE

## 1. FØREMÅL

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å beskrive korleis ein handterer og reduserer skade på personale

## 2. ANSVAR OG MYNDE

Lokalitetsansvarleg/driftsleiar er ansvarleg for at arbeidsbeskrivinga blir fylgt.

## 3. GJENNOMFØRING

3.1 Oppdagar
3.1.1 Startar førstehjelp
3.1.2 Varslar lege ved behov
3.1.3 Varslar i tråd med varslingsplan

3.2 Tiltak for å avgrense skaden
Når skade på personell blir oppdaga, skal alt pågåande arbeid stansast ved behov. Dette gjeld også fôring.

3.3 Mannskap og andre ressursar
Alt mannskap i Alsaker Fjordbruk kan disponerast i slike situasjonar.

3.4 Beredskapsutstyr
Sjå 5-01 for oversikt

## 4. REFERANSAR

# 5-06 AKUTT SMITTSAM SJUKDOM

## 1. FØREMÅL

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å beskrive korleis ein:

- Reduserer omfanget av sjukdomen
- Handtere og fjerne store mengder daudfisk ved akutt smittsam sjukdom

## 2. ANSVAR OG MYNDE

Lokalitetsansvarlege, driftsleiar og driftssjef/driftskoordinator er ansvarlege for at denne arbeidsbeskrivinga vert fylgt.

## 3. GJENNOMFØRING

3.1 Oppdagar:

Om ein mistenkjer smittsam sjukdom, ved f. eks. auka daude, merkeleg oppførsel på fisken, eller liknande, skal det skal straks varslast i samsvar med varslingsplanen. Det er også viktig å varsle naboanlegg, samt personell, og båtar (dykkarar, fôrbåtar, brønnbåtar, arbeidsbåtar, og liknande.) som nylig har vore i kontakt med anlegget.

3.2 Tiltak for å avgrense omfanget av akutt smittsam sjukdom: Ved listeført sjukdom (liste 1 og liste 2, td. ILA) må følgjande varslast umiddelbart. Vurder ilag kva tiltak som skal gjennomførast, td. slipping av båtar.

| **Kven varslar?** | **Kven skal varslast?** |
|---|---|
| Driftskoordinator/driftssjef | Innleigde arbeidsbåtar |
| | Spylarar/dykkarar |
| | Brønnbåt |
| | Ensilasjebåt |
| | Fôrbåt |
| | Dieselbåt |
| | ROV |
| | Andre båtar på besøk? |
| | |
| Veterinær | Fiskehelsenettverket |
| | |
| Rensefiskoordinator | Leppefiskbåtar |
| | |
| | |

3.2.1 Stans i pågåande arbeid:

Når akutt smittsam sjukdom blir oppdaga, skal alt pågåande arbeid stansast. Dette gjeld og fôring. FoMas/veterinær skal alltid koma på lokaliteten for å ta prøvar av fisken, slik at ein får klarlagt situasjonen.

3.2.2 Naudslakt:

Dersom naudslakting er aktuelt, må slakteri kontaktast og brønnbåt skaffast til vege. Transport av fisk som er råka av akutt smittsam sjukdom skal skje på ein smittehygienisk forsvarleg måte. Før transport av sjuk fisk frå lokaliteten, må det søkjast om løyve av det aktuelle Mattilsyn.

Dersom fisken har vore behandla med legemiddel og tilbakehaldingstida ikkje er overhalden, må slakteriet varslast om dette. Er fisken for liten til å slaktast, kan han destruerast. Dersom fisken er slakteklar, kan fisken slaktast dersom det kan dokumenterast at grenseverdiane for medisin og tilbakehaldingstid ikkje er overskridne. Det kan gjerast ved å analysera prøver på eit representativt tal fisk (ikkje taparar).

Gjennomgang av historikk på lokaliteten:
Lokalitetsanvarleg, driftssjef/driftskoordinator og veterinær må laga til ei oversikt over all trafikk som har vore på lokaliteten. Tidslinje vurderast i kvart tilfelle.

Vidare tiltak blir vurdert i lag med Mattilsynet.

3.3 Mannskap og andre ressursar:
Alt mannskap i Alsaker Fjordbruk kan disponerast i slike situasjonar.

3.4 Beredskapsutstyr:
Sjå 5-01 for oversikt.

3.5 Handtering av daudfisk på lokaliteten:
Ved massedød av fisk i samanheng med akutt smittsam sjukdom sjå 5-02. Det må søkjast om løyve frå Mattilsynet ved flytting av sjuk fisk

3.6 Smittehygieniske tiltak
Ved akutt smittsam sjukdom skal det ikkje lånast ut utstyr som har vore i bruk på lokaliteten. Vidare skal ikkje arbeidstøy som allereie er nytta på den utsette lokaliteten, nyttast på andre lokalitetar. I ein situasjon med smittsam sjukdom skal ein avgrense persontrafikk og anna trafikk mellom anlegg, jfr. instruks 6-05 Hygiene og smittevern.

## 4. REFERANSAR

Akvakulturdriftsforskrifta § 7

## *5-07 ALGEINVASJON*

**1. FØREMÅL**

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å beskrive korleis ein:

- Reduserer omfanget av fiskedaud ved alge- og manetførekomst.
- Handtere og fjerne store mengder daudfisk ved algeinvasjon

**2. ANSVAR OG MYNDE**

Lokalitetsansvarlege, driftsleiar og driftssjef/driftskoordinator er ansvarlege for at denne arbeidsbeskrivinga vert fylgt.

**3. GJENNOMFØRING**

3.1 Oppdagar:

Den som oppdagar/mistenkjer ein algeinvasjon skal straks varsle i samsvar med varslingsplanen.

3.2 Tiltak for å avgrense omfanget av algeinvasjonen:

3.2.1 Stans i pågåande arbeid:

Når ein algeinvasjon vert oppdaga, skal alt pågåande arbeid stansast. Dette gjeld òg fôring. Det skal strakst takast vassprøvar på lokaliteten jfr. *6-20 Prøvetaking ved mistanke om alger*.

FoMas/veterinær skal alltid koma på lokaliteten for å ta prøvar av fisken og sjøen.

Dersom ein får varsling om at det er fare for store manetførekomstar vil det vera aktuelt å setje opp eit beskyttande skjørt.

Ved førekomst av alger eller store mengder maneter på lokaliteten skal alle merdar sjekkast med kamera dagleg/fleire gonger dagleg.

Oksygen må målast kontinuerleg og dersom verdiane droppar under 65% må ein tilsetja oksygen.

Dersom det trengs arbeidsbåtar, oksygeneringsutstyr eller liknande skal driftssjef/driftskoordinator sørgje for å få dette på plass.

Dersom naudslakting er aktuelt, må slakteri kontaktast og brønnbåt skaffast til vege. Ref arbeidsinstruks 6-06. Dette avtalast med Salsjef.

Ved massedød på lokaliteten som følgje av alge- og manetførekomst skal ein følgje beredskapsplan for massedød 5-02.

3.3 Mannskap og andre ressursar:

Alt mannskap i Alsaker Fjordbruk kan disponerast i slike situasjonar.

3.4 Beredskapsutstyr:

Sjå 5-01 for oversikt.

3.5 Handtering av daudfisk på lokaliteten:
Ved massedød av fisk i samanheng med algeinvasjon sjå 5-02.

## 5. REFERANSAR

Beredskapsplan Matfiskproduksjon
Varslingsplan

# 5-08 FØREKOMST AV RESISTENT LUS

## 1. FØREMÅL

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å beskriva korleis ein handterer og reduserer førekomst av lus som er resistent mot eit eller fleire middel, slik at ein ikkje overstig lusegrensa over lengre tid.

## 2. ANSVAR OG MYNDE

Lokalitetsansvarleg/driftsleiar/driftssjef/driftskoordinator/veterinær er ansvarleg for at arbeidsbeskrivinga blir følgt.

## 3. GJENNOMFØRING

3.1 Ved mistanke om lus med nedsett følsemd eller resistent lus på lokaliteten, skal det meldast frå til driftssjef/driftskoordinator og veterinær. Vidare skal det meldast frå til FoMas og Mattilsynet (jfr. Varslingsplan). Det skal gjerast undersøkingar for å avklare situasjonen til dømes ved hjelp av blant anna bioassay testar.

3.2 Tiltak for å avgrense skaden ved resistent lus

Når resistent lus vert oppdaga, skal ein avluse fisken med eit alternativt middel eller ein alternativ metode som lusa er følsam for. Vurderinga av korleis fisken skal avlusast vert gjort i samråd med veterinær og fiskehelsetenesta FoMAS. Som eit hjelpemiddel i å finne ut kva avlusingsmiddel ein kan nytte, brukar ein bioassay testar.

Dersom me opplever lus som er multiresistent (resistent mot fleire middel), må ein vurdera mekaniske metodar for avlusing som til dømes lusespylar, varmt vatn, ferskvatn. Det må takast omsyn til fiskevelferd i val av metode.
Om ein ikkje får bukt med luseproblemet, må ein vurdera nødslakt. Nødslakt skal gjerast i samråd med Salssjef, FoMas, Bømlo Brønnbåtservice og Viking Fjord.

3.3 Mannskap og andre ressursar

Alt mannskap i Alsaker Fjordbruk kan disponerast i slike situasjonar.

3.4 Beredskapsutstyr

Lokaliteten har tilgang på presenning for avlusing i merd og med kastenøter samt perleband for avlusing i brønnbåt eller med mekaniske metodar.

## 4. REFERANSAR

Forskrift om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg, § 9.

# 5-09 UTSLEPP AV OLJE, DIESEL ELLER ANDRE KJEMIKALIUM

## 1. FØREMÅL

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å beskrive korleis ein:

- Reduserer omfanget ved utslepp til naturen.
- Handterer og varslar eit utslepp til naturen.

## 2. ANSVAR OG MYNDE

Lokalitetsansvarlege, driftsleiar og driftssjef/driftskoordinator er ansvarleg for at denne arbeidsbeskrivinga vert fylgt.

## 3. GJENNOMFØRING

3.1 Oppdagar:

Den som oppdagar/mistenkjer utslepp av olje, diesel eller andre kjemikalium skal straks varsle i samsvar med varslingsplanen.

3.2 Tiltak for å avgrense omfanget av utslepp til naturen:

- Stanse/avgrense lekkasje/havari av behaldar/tank som er lekk.
- Varsle i henhald til varslingsplan;
  - Brannvesen – tlf.: 110.
  - Kystverket sin vakttelefon (oljevernberedskap) – tlf.: 330 34 800
  - Interkommunal oljevernberedskap.

- Alt pågåande arbeid skal stansast. Dette gjelder og fôring.
- Avgrense og samle opp utsleppet ved hjelp av lenser/absorbent.
- Ha løpande kontakt med brannvesen/Kystverket for å vurdere ytterlegare tiltak for å avgrense utsleppet.
- Det skal takast vassprøvar på lokaliteten. Det skal vurderast om FoMas/veterinær skal koma på lokaliteten for å ta prøvar av fisken og sjøen.

3.3 Mannskap og andre ressursar:

Alt mannskap i Alsaker Fjordbruk kan disponerast i slike situasjonar.

3.4 Beredskapsutstyr:

Sjå 5-01 for oversikt.

## 4. REFERANSAR

Varslingsplan

## 5-10 HANDTERING AV FISKETURISTAR

### 1. FØREMÅL

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å beskrive korleis ein handterer fisketuristar og privatpersonar i nærkontakt med anlegga våre. Med nærkontakt siktes til fiske som skjer nærare enn 100 meter og ferdsel som skjer nærare enn 20 meter frå anlegget sitt ytterpunkt i overflata, jamfør § 18 i Akvakulturdriftsforskrifta.

### 2. ANSVAR OG MYNDE

Lokalitetsansvarlege, driftsleiar, driftssjef/driftskoordinator og samfunnskontakt er ansvarleg for at denne arbeidsbeskrivinga vert fylgt.

### 3. GJENNOMFØRING

3.1 Den som oppdagar forboden fiske eller ferdsel skal straks varsle i samsvar med varslingsplanen
3.2 Ta bilde og ver høfleg i samtale med turistane
3.3 Unngå fysisk kontakt med turistane sine båtar.
3.4 Gje orientering om at dei fiskar og/eller oppheld seg ulovleg på staden, og at dei snarast må forlate staden. Unngå krangel og ukvemsord.
3.3 Notér tid, stad og hendingsforløp
3.4 Meld frå til samfunnskontakten
3.5 Samfunnskontakten skal etter melding frå lokaliteten ta kontakt med rett mynde for å føre saka vidare.
3.6 Dersom det er grunn til å tru at nokon har fiska inn til merdane, bør nota/nøtene sjekkast med kamera eller dykkar.

### 4. REFERANSAR

Varslingsplan

## 5-11 MEDIEOMTALE

**1. FØREMÅL**

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å beskrive korleis ein handterer kontakt med media, og kven som er ansvarleg og har myndighet til dette.

**2. ANSVAR OG MYNDE**

Lokalitetsansvarlege, driftsleiar, driftssjef/driftskoordinator er ansvarlege for at denne arbeidsbeskrivinga vert fylgt.

**3. GJENNOMFØRING**

3.1 All kontakt med presse og media vert styrt av ei gruppe sentrale personar i administrasjonen (Gerhard Alsaker, Helge Nesse, Hans Helge Vik, samfunnskontakt, konsernadvokat og styremedlem)

3.2 Talsmann i høve media er Samfunnskontakten eller den som gruppa utpeiker i den einskilde saka.

3.3 All informasjon som går ut skal vera godkjend av Adm. Dir., eller p.t. ansvarshavande

3.4 Vurder å bruke pressemelding for å komme i forkant av media

3.5 Ingen skal uttala seg på levande film utan klarering frå Adm. Dir

3.6 Gruppa vil rådføre seg med jurist dersom naudsynt

**4. REFERANSAR**

Varslingsplan

## 5-12 FØREKOMST AV AGD

**1. FØREMÅL**

Føremålet med denne arbeidsbeskrivinga er å beskrive korleis ein:

- Reduserer omfanget ved AGD
- Handterer og fjernar store mengde daudfisk ved AGD

**2. ANSVAR OG MYNDE**

Lokalitetsansvarlege, driftsleiar og driftssjef/driftskoordinator er ansvarlege for at denne arbeidsbeskrivinga vert fylgt.

**3. GJENNOMFØRING**

3.1 Oppdagar:

Den som oppdagar/mistenkjer AGD skal straks varsle veterinær

3.2 Tiltak for å avgrense omfanget av AGD på lokaliteten:

- Det vert tatt gjellescore for å få oversikt over gjelleskade og utvikling
- Gjeller sendast som PCR prøver
- Gjeller tas ut og lagrast på formalin
- Veterinær tek ut prøvar for mikroskopi og anna naudsynt prøveuttak
- Veterinær mm vurderer fortløpande om lokaliteten skal behandlast, går mellom anna på gjellescore, appetitt, dødelegheit, sjukdomsbilete hos andre.
- H2O2-behandling vert gjort i brønnbåt eller i merd

3.2.2 Naudslakt:

Dersom naudslakting er aktuelt må slakteri kontaktast og brønnbåt skaffast til vege.

3.3 Mannskap og andre ressursar:

Alt mannskap i Alsaker Fjordbruk kan disponerast i slike situasjonar.

3.4 Beredskapsutstyr:

Sjå 5-01 for oversikt.

**4. REFERANSAR**

Varslingsplan

## VARSLINGSPLAN

Alsaker Fjordbruk

**VARSLINGSPLAN** **Lindarholmen**

| Kontakt / Hending | Lokalitets ansvarlig | Driftssjef | Samfunns kontakt | Adm. Dir | Veterinær | Pers. kons. | Lege 113 | Brann 110 | Politi 112 | VHF | FoMAS | F. Dir. | Mat tilsynet | Kystverket | Kystvakten | Miljøvern avdeling | Arbeids tilsyn/ NAV |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Personskade** | x | x | | x | | x | x | | | | | | | | | | x |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok. Ansv | | Driftssjef | | Lok. Ansv | Oppdagar | | | | | | | | | | Pers.kons |
| **Massedødlighet** | x | x | | x | x | | | | | | x | | x | | | | |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok. Ansv | | Driftssjef | Lok. Ansv | | | | | | Veterinær | | Veterinær | | | | |
| **Akutt sjukdom** | x | x | | x | x | | | | | | x | | x | | | | |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok. Ansv | | Driftssjef | Lok. Ansv | | | | | | Veterinær | | Veterinær | | | | |
| **Røming av fisk/havari** | x | x | x | x | | | | | | | | x | | | | | |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok. Ansv | Driftssjef | Driftssjef | | | | | | | | Samf. Kont | | | | | |
| **Båthavari** | x | x | | x | | | | | x | x | | | | | | | |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok. Ansv | | Driftssjef | | | | | Oppdagar | Oppdagar | | | | | | | |
| **Brann** | x | x | x | x | | | | x | | | | | | | | | |
| Kven varslar | Oppdagar | Oppdagar | Oppdager | Driftssjef | | | | Oppdagar | | | | | | | | | |
| **Forureining til ytre miljø** | x | x | x | x | | | | x | | | | | | x | | x | |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok. Ansv | Oppdager | Driftssjef | | | | Sam.Kont. | | | | | | Samf. Kont. | | Samf. Kont. | |
| **Alge/Manetoppblomstring/kritisk temp.** | x | x | | x | x | | | | | | | | | | | | |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok. Ansv | | Driftssjef | Lok. Ansv | | | | | | | | | | | | |
| **Resistent lus** | x | x | | x | x | | | | | | | | x | | | | |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok. Ansv | | Driftssjef | Lok. Ansv | | | | | | | | Veterinær | | | | |
| **Handtering av fisketuristar/priv.pers.** | x | x | x | x | | | | | x | | | x | | | x | | |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok.Ansv | Oppdager | Driftssjef | | | | | Samf.Kont. | | | Samf.Kont | | | Samf.Kont | | |
| **Medieomtale** | x | x | x | x | | | | | | | | | | | | | |
| Kven varslar | Oppdagar | Lok.Ansv | Driftssjef | Driftssjef | | | | | | | | | | | | | |

Brannvesen: 110 Lege/ambulanse: 113 Politi: 112 Legevakt: 116117

Får ein ikkje kontakt i dei ein skal varsle så hopp over eit ledd og varsle neste ledd i varslingsplanen.

Koordinatar til anlegget:
N 60° 5.0420'
Ø 5° 38.3200'

| Navn/kontakt | Telefon | | Navn/kontakt | Telefon | Navn/kontakt | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lok. Ansvarlig | 41 00 20 05 | | Driftskoor/Driftssjef | 99 21 01 25 | Mattilsynet | 22 40 00 00 |
| | | | Adm. Dir. | 90 10 50 00 | F. Dir. | 03415 |
| | | | Samfunnskontakt | 99 21 01 09 | Kystverket | 330 34 800 |
| | | | Personalkonsulent | 99 21 01 05 | Arbeidstilsynet | 73199700 |
| | | | Veterinær | 99 21 01 19 | | |